

Kva er Sjumilssteget?

Sjumilssteget er ei nasjonal satsing som skal ivareta barn sine rettar etter Barnekonvensjonen. Kommunane Selje, Vågsøy og Eid vil fremme barn sin rett til god omsorg.

Du er den viktigaste personen for barnet ditt. Sjumilssteget set difor fokus på kva som gir **deg** meistring, styrke og engasjement i rolla som forelder. Meir informasjon om prosjektet finn du på kommuna sine heimesider.

Ein **god**
barndom varer
heile livet



Snakke saman

Di meining og dine spørsmål knytt til forelderrolla er viktige. Sjumilssteget legg til rette for å snakke saman om viktige tema gjennom barndommen. Dette skjer på svangerskapskurs, barseltreff og på foreldremøte i barnehage og skule.

Vere saman

Fellesskap med andre barn og vaksne gir barnet ditt sosial kompetanse og kjensle av å høyre til. Sjumilssteget motiverer foreldre og barn til å vere saman for å skape eit trygt oppvekstmiljø.



Du er den
viktigaste
for barnet ditt

Foreldrerettleiing
med fokus på dialog og
fellesskap



